



Naturvernforbundet Nordhordland/ Ketil Hindenes
Hoplandssjøen 74
5943 AUSTRHEIM

Dato: 19.05.2015
Vår ref.: 2014/23340-66
Saksbehandlar: evawint
Dykkar ref.:

Tilskot til lokale miljø- og klimatiltak 2015

Tilsegn om kr 10 000,- til Naturvernforbundet Nordhordland – Rydd ein holme

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til organisasjonar datert 09.04.2015. De søkte om kr. 10.000,-. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver kr 10.000,- til organisasjonen frå budsjettet for lokale klima- og miljøtiltak 2015.

Beløpet blir overført til kontonummer: 3632 52 09695

1. GRUNNLAG

Ut frå formuleringane i tilskotsøknaden, legg vi til grunn desse momenta:

Overordna mål:

- «Hindra attgroing av kystlynghei på øyer og holmar og i strandsona i Austrheim.
- Særleg fokus på den svartelista sitkagrana.
- På lengre sikt spreia prosjektet til andre kystkommunar i Nordhordland og elles langs kysten.»

Enkel beskriving:

- «Oppbygging av utstyrsbank til trefelling og lyngbrenning.
- Kurs i lyngsviing
- Motorsagkurs.»

2. PROSJEKTORGANISERING:

Prosjektansvarleg: Ketil Hindenes

Planlagt slutt: 2018

3. VILKÅR FOR TILSKOTET

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Rapportering

Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsmottakar sende sluttrapport til Hordaland fylkeskommune.

Utbetaling

Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert

forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de fekk melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

5. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Tale Halsør, tlf. 55 37 80 11 eller e-post: tale.halsor@hfk.no

Hordaland fylkeskommune ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen
Klima- og naturressurssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Akseptskjema
- 2 Sluttregneskapsskjema

Kopi til:

Anne-Grethe Stenhjem